

## Energiformer og -overgangar

### Quiz-spørsmål

1. Kva slags energi finn vi i eple?

- a. Kinetisk energi
- b. Kjemisk energi
- c. Potensiell energi

2. Kva er energi?

- a. Energi er noko som kan få ting til å skje
- b. Energi er noko vi berre finn i solstråler
- c. Energi er noko vi berre finn i ting som rører på seg

3. Kva er rett?

- a. Energi kan skapast i solstråler
- b. Energi kan aldri forsvinne, berre gå over til andre energiformer
- c. Energi kan forsvinne i nokre energiformer

4. Kva er rett?

- a. Vi tilfører kjemisk energi når vi løftar ein ting opp frå bakken
- b. Vi tilfører stillingsenergi når vi løftar ein ting opp frå bakken
- c. Vi tilfører molekylenergi når vi løftar ein ting opp frå bakken

5. Kva får eit syltetøyglas når vi slepp det slik at det fell?

- a. Rørsleenergi
- b. Stillingsenergi
- c. Kjemisk energi

6. Kva er rett?

- a. Glaset har meir rørsleenergi jo større fart det har
- b. Glaset har mindre rørsleenergi jo mindre fart det har

c. Glaset har like mykje rørsleenergi uansett kor fort det fell

7. Kva er rett?

- a. Lydenergi er ei energiform der luftmolekyla står stille
- b. Lydenergi er ei energiform der energi blir skapt av vakuum
- c. Lydenergi er ei energiform der luftmolekyl svingar og lager trykkbølger

8. Kva er strålingsenergi?

- a. Bølger av elektrisitet og magnetisme
- b. Bølger av luft i rørsle
- c. Bølger av magnetisme og luft

9. Kva er elektrisk energi?

- a. Ladningar som går i sirkel med klokka
- b. Ladningar som står stille
- c. Ladningar som rører seg

10. Kva er rett?

- a. Når ei energiform blir omforma, stig kvaliteten og endar opp som sterk varmeenergi
- b. Når ei energiform blir omforma, synk kvaliteten og endar opp som svak varmeenergi
- c. Når ei energiform blir omforma, synk kvaliteten og endar opp som sterk varmeenergi

### **Diskusjonsspørsmål**

1. Dersom energi ikkje kan skapast eller forsvinna, korleis kan då ein ovn varme opp eit rom?
2. Når vi løfter ein ball, får han stillingsenergi. Men kvar kjem denne energien frå?
3. Lydenergi er bølger i luft. Går det an å synge i eit lufttomt rom? (Om du har oksygenmaske)